

Landsstyremøte 13. – 15. januar 2017

Torggata 1, Oslo

Referat

- Til stades:** Øyvind Kind Robertsen, Thomas d'Maar Wessel, Cathrine Michelle Hansen Lindgård, Karianne Fremo Sveistrup, Petter Holstad, Mari Longva Haram, Anniken Nalum Sølyst (ikkje til stades ved sak 18/17, 19/17), Marie Jahren Fludal, Stig Johan Berggren, Christina Babington, Kjetil Vesteraas (dagleg leiar)
- Gjester:** Gjertrud Fludal (til stades ved sak 12/17), Kjetil Vesteraas (til stades ved sak 2/17e, 6/17, P-sak 14/17, 15/17)
- Forfall:** **Mikkel Keilhau (Motiv)**

LS 1/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkallinga blei sendt ut 22. november 2016. Sakslista blei sendt ut 6. januar. Dette er i tråd med den vedtekne forretningsordenen.

Etter utsending av sakslista 6. januar blei fire saker lagt til:

- 15/17 – Sal av Bjørkodden
- 16/17 – NGR-seminar om mangfald og integrering
- 17/17 – Endring av møteplan
- 18/17 – Kjønnssdelte rom

Vedtak: Innkalling og saksliste godkjennes med de tilkomne sakene.

LS 2/17 Referatsaker

a) Referat

1. Referat fra styremøte 25. – 27. november 2016, Oslo
2. ØAU-møte 10. januar 2017

Vedtak: Referata blir godkjende.

b) Siden sist

Styret tek ein runde på kva dei har gjort sidan førre møte.

Cathrine Michelle: IOGT-møte, Bergen-Sotra, beredskapsplan, SLAM-UP.

Christina: Myteknuserne, arrangert samling med Sjøstrand, SLAM-UP.

Marie: Vore i Italia, Hvit jul-stand, blitt bestevenn med UNF. Booka ein svenske til Juventeskolen.

Mari: Vore litt med Juvente Sunnmøre, SLAM-UP.

Karianne: Prøvd å fikse skjenkekontrollar og andre aktivitetar i Trondheim. Forsøkt å verve, SLAM-UP.

Thomas: Styrt med Harstad, Juba-styremøte, aktivitetsguiden, sendt invitasjon til styremøte med lokallagsleiarar, beredskapsplan, SLAM-UP.

Stig: Vore på DNT-møte, House of Nerds, henta posten til Juvente i romjula. Gjort det han fekk i oppgåve frå førre møte, SLAM-UP, jobba med nettsider.

Petter: Ringt medlemmar, ringt alle lokallaga for å oppfordre til aktivitet i romjula, møte i ØAU, vervebarometer, SLAM-UP, svipptur til Sverige.

Anniken: Møte med Juba i Sandefjord, vært litt mellommann mellom dei i styret i Larvik, roadtrip til Sverige på NORDGU-møte.

Vedtak: Teke til orientering.

c) Nytt frå andre organisasjonar

Dei som representerer Juvente i andre organisasjonar, orienterer dersom det er noko å melde frå desse.

Juba: Ikkje veldig mykje å melde. Dei hadde 709 medlemmar 31.12.16.

IOGT: Hadde møte 10. januar. Ville ikkje gi støtte til Selvfølgelig 2017, går tilbake på navneforslaget KLAR fordi det ikkje hadde god nok «klang».

DNT: Skal satse på besteforeldre. Skal sjå på korleis ting går framover.

Forut: Orienteringsmøte rett før jul. Ønsker finansiering til Oljefondkampanjen. Ønsker å arrangere frokostseminar saman med Juvente. Legaliseringsrørsla har sendt e-post til Forut sine samarbeidspartnarar.

Vedtak: Teke til orientering.

d) Rapport frå leiar

Leiar orienterer om kva han har gjort sidan førre møte.

I tillegg fekk han innlegg på trykk i Klassekampen laurdag 14. januar.

Vedtak: Teke til orientering.

e) Rapport frå dagleg leiar

Dagleg leiar utdjupar rapporten sin.

Vedtak: Teke til orientering.

f) Rapport frå prosjekta

Daniel melder om ca. 40 registrerte edruss så langt. Russebil klargjort. Jobbar med musikkvideo. Startar med møte med russestyre i slutten av januar. Genserar er kjøpt inn.

Vedtak: Teke til orientering.

LS 3/17 Medlemstal- og organisasjonsrapport

Sjå eigen rapport.

Vi går gjennom rapporten. Det er skremmande med det store talet på utmeldingar. Det kjem fram i rapporten at mange melder seg ut på grunn av fråhaldsløftet.

Ganske få svarer på undersøkinga ved utmelding, men dei tilbakemeldingane vi får, er nyttige.

Vedtak: Teke til orientering.

LS 4/17 Oppfølging av lokallag

Styret tek ein runde på oppfølginga av lokallaga sine.

Vedtak:

1. *Teke til orientering.*
2. *Petter og Thomas byter lokallag, slik at Petter blir fadder for Harstad og Thomas for Sjøstrand.*
3. *Christina blir lokallagsfadder for Ullevål.*
4. *Dette skal vi fokusere på i oppfølginga til neste gang: å få med fleire på Kolon-skoleringa og til Juventeskolen. Planlegge årsmøte.*

LS 5/17 Medlemstalsstrategi 2017

Saman med sakspapira blei det sendt eit forslag til medlemstalsstrategi for 2017. Vi legg opp til ei lengre økt der vi gjennomgår og ferdigstiller dokumentet.

Vi går gjennom dokumentet og redigerer undervegs.

Vedtak:

1. *Medlemsstrategien med endringar blir vedteken.*
2. *Alkoholnormen-kampanjegruppe: Stig, Marie, Christina og andre interesserte.*
3. *Øyvind undersøker pris på produkta vi plukka ut som det går an å gjere til Juvente-stæsj.*
4. *Cathrine får ansvar for å ordne med standplassar, og skriv nettsak om standmoglegheiter.*
5. *Marie skriv vervehandbok.*

LS 6/17 Bingomidler

Juvente (Oslo og OAØ krets) mottek (og har lenge motteke) bingomidlar, det vil seie at vi har bingolisensar bingoallar kan drive på og som vi mottek overskot frå, ikkje at vi driftar eigne hallar. Bingo blei sist teke opp i landsstyret i 2011 (LS 87/11). Her er referatet frå saka gitt att:

«Kjetil orienterte om sine tanker omkring bingo via Skype. Det dreier seg om mye penger, og det vil få konsekvenser dersom vi trekker oss ut. Samtidig må det vurderes om det er etisk forsvarlig av Juvente å fortsette å tjene penger på drift av bingoaller/automater.

Det ble kommentert at saken har kommet opp raskt og at det har vært lite tid til å tenke over saken. Det ble derfor ønsket at vi står i ordningen minst et år til; da vet vi også om de tiltakene bingoselskapet har lovet er blitt iverksatt.

Forslag til vedtak: Juvente trekker seg ut av bingovirksomhet, og oppfordrer lokallag og OAØ krets til å gjøre det samme. Administrasjonen bes følge opp den praktiske avviklingen av Juventes involvering i bingovirksomhet.

Alternativt forslag (fremmet av Adrian, basert på uttalelsene som har kommet fram i debatten): Landsstyret anerkjenner at vår deltakelse i bingodrift er problematisk. Kulturdepartementet må innføre strenge reguleringer på bingoautomater. Landsstyret ber daglig leder følge opp utviklingen på feltet tett og arbeide for restriksjoner på bingoautomater. Saken tas opp til ny behandling før sommeren 2012.

Vedtak: Det opprinnelige forslaget til vedtak falt med 2 mot 4 stemmer, en blank stemme. Juvente står dermed i ordningen et år til og tar saken opp på et nytt møte neste år.

Dissens: Adrian Farner Rogne»

Saka har ikkje blitt handsama på nytt etter dette, men blei teken opp i ØAU 10. januar, som fatta eit vedtak der dei slår fast at saka er av prinsipiell art, og anbefaler styret til å legge saka fram for landsmøtet. Sjå for øvrig saksframlegg i ØAU-referatet.

Dette kan gjerast:

- Halde fram som før (ikkje noko uttrekk)
- Trekke Juvente ut av bingo
- Sjå saka som så prinsipielt viktig at det bør avgjerast av landsmøtet, men med ein klar agenda samt utgreiing som beslutningsgrunnlag
- Utsette handsaming av saka til neste styremøte og be administrasjonen legge fram ei klarare oppstilling av inntekter og lisensar, samt faktiske konsekvensar av uttrekk.

Vedtak:

1. *Vi fastslår at det er ei prinsippsak som vi ønsker at landsmøtet skal ta stilling til.*
2. *Øyvind tar ansvar for at det blir gjennomført ei utgreiing om bingomidlar til pinsemøtet. Øyvind kontaktar lottstiftforvaltar og Actis og andre foreiningar som driv med spelproblematikk, samt entreprenør.*

LS 7/17 Sprint

Vi bør diskutere om vi skal gjennomføre ein ny runde med Sprint i vår, og kva for innretning han skal ha, premiar, ansvarlege, etc.

Erfaring frå tidlegare er at eit fåtal lokallag bryr seg. Når vi lanserer konkurransen må vi sørge for at alle har kompetanse nok til å engasjere seg i å delta. Vi bør prøve å arrangere meir lokal skolering. Vi må tilgjengeleggjere på Internett ressursar som tek for seg styrearbeid.

Vedtak:

1. *Vi ønsker fokus på skolering om våret og utset derfor Sprint, men oppfordrar framleis til aktivitet utover vinteren og våren.*
2. *Thomas hjelper til med å fullføre eit lokallagsstyrerolleansvarsoversynsdokument som Cathrine har begynt på.*
3. *På møtet i mars kan lokallaga sjølv få bidra til å velje premiar og utforme Sprint.*

LS 8/17 Underskotsgaranti sommerleiren

Sommarleirkomiteen har sendt inn eit forslag til budsjett og underskotsgarantiavtale mellom sommarleirkomiteen og Juvente sentralt (sjå vedlegg). Saka blei handsama av ØAU 10. januar, som fatta dette vedtaket:

«Styret anbefales å gi underskuddsgaranti på samme premisser som for tidligere år. Tilskudd og subsidier preger fortsatt inntektssiden, og utvalget mener at framtidige komiteer bør sørge for at sommerleirer og landsmøter kan drive i balanse på forutsigbare inntekter knyttet til selve arrangementet, spesielt deltakeravgift. Administrasjonen bes om å bidra til at budsjettet gjenspeiler Juventes administrative kostnader, og Sondre sender ut oppdatert budsjett til søknadsinstanser, styret og ØAU.»

Vedtak: Budsjettet blir samrøystes vedteke. Det blir samrøystes vedteke at sommarleirkomiteen får underskotsgaranti på same premissar som tidlegare.

LS 9/17 Landsstyresak: Lokallagsoppfølging

Sondre Sandal har sendt inn innspel til lokallagsoppfølginga frå sentralt som han ber styret ta stilling til:

«Etter å ha snakket med flere lokallagsledere og styremedlemmer fra flere lokallag, deriblant Stavanger, Larvik, Bergen-Sotra og Nordhordland. Under er en liste av ting de har nevnt de savner eller ønsker mer av, etter det har jeg gitt mitt personlige inntrykk og mine forslag til prioriteringer.

1. Bedre opplæring
 - a. Hvilke roller har alle styremedlemmer
 - b. Hva skal til for at et styre skal fungere?
 - c. Konflikthåndtering (viktigheten av uenighet og hvordan hindre konflikt skaleres opp)
2. Bedre oppfølging
 - a. Flere styremedlemmer savner bedre kontakt med lokallagsfadderene, jeg har møtt lokallagsstyremedlemmer som ikke vet hvem lokallagsfadderene sine er.
 - b. Det å snakke med flere enn bare leder kan bidra til å finne ut om konflikter tidlig og gir mulighet for å tilby rådgivning til lokallagene. Viktig å huske at leder ikke alltid ser hele bildet og en konflikt som varer over lengre tid gjør det vanskeligere å løse.
3. Maler
 - a. Mange etterlyser oppdaterte maler, det kan være vanskelig å gå inn i roller som økonomiansvarlig, leder eller sekretær for første gang. Flere jeg har snakket med er usikre på hvordan de skal lage budsjett, regnskap, møteinnkalling, referater og hvordan man skal gå fram med planlegging og promotering av aktivitet.
 - b. En oversikt over aktuelle samarbeidspartnere kunne også vært gitt uttrykk for.
4. Kommunikasjon

- a. For mange lokallag kan kommunikasjon være en viktig rolle. Styremedlemmer jeg har snakket med føler de får lite informasjon, det hender at kommunikasjon går mellom to personer og ikke styrechaten. Noen har også nevnt at møteinnkallinger hadde vært praktisk, de etterlyser et ønske om å ha mulighet til å forberede seg.

Det er tydelig at noe ikke går som det skal og ønsker vi å ha 700 medlemmer i utgangen av 2017 er det viktigste leddet lokallagene. Problemet flere steder i landet med å få folk til å sitte i lokallagstyre og få inn nye i lokallagstyrene, mange sitter i lokallagstyre med en følelse av at de må og ikke det at de vil sitte der og syntes det er gøy. Jeg tror å gjøre det lettere for lokallag vil og gjøre det gøyere å sitte i lokallagtyrer.

Med hensyn til punktene over er mine forslag:

1. Lokale skoleringer. Gjennom å ha lokale skoleringer framfor sentrale gir vi et tilbud til de som ikke kan reise like langt og vil å få muligheten til. Skoleringen bør fokusere på styremedlemmers roller og konflikthåndtering, dette sammen med en god ressursdatabase kan forbedre kvaliteten betraktelig. Minner og om at ikke det behøver å være landsstyret som har alle skolerिंगene, men bruke Juventere med erfaring rundt om i Norge.
2. Oppfølging. For at styret skal bli kjent med og få snakket med lokallagsfadderer foreslår jeg at lokallagsfadderer kommer på minst et styremøte til lokallaget. Det gir både fadder mulighet til å bli kjent med styret og øker sjansen for at problemer/større konflikter blir oppdaget tidlig og kan løses raskere. Det vil og gi en økt tillitt mellom lokallagsleddet og landsstyre. Kommunikasjon med flere kan være viktig for a lokallags medlemmer føler seg hørt.
3. Jeg har ikke mye å tilføye annet enn at ressurscenter bør oppdateres, jeg er klar over at dette allerede er under gang.
4. Kommunikasjon kan fort bli en stor utfordring, men det kan være vanskelig å se mangel på kommunikasjon dersom landsstyre kun snakker med en representant. Tror det kan hjelpe å se manglene på kommunikasjon dersom det snakkes med mer enn et styremedlem/leder, derfor mener jeg det er bedre å delta på lokallagsmøte eller snakke med mer enn et medlem i styre.

Dersom vi skal ha en organisasjon som består av to ledd, landsstyret og lokallag, må det være god kommunikasjon mellom leddene.»

Vedtak:

1. Øyvind finn ressursar om følgande til lokallagspermen: konflikthandtering, malar, oversikt over samarbeidpartnarar, kommunikasjon i styret.
2. Thomas greier ut om rollefordeling til nettressurs/lokallagsperm.
3. Alle held betre kontakt med lokallaga sine. Alle held regional skoling på våren. Alle kjem på årsmøta til lokallaga sine.

4. Styret takkar for innspela og tek det vidare med seg i oppfølging av lokallaga.

LS 10/17 Juventeskolen

Juventeskolen nærmar seg, og vi bør ta ei statusoppdatering for å sørge for at vi har kontroll, samt fastsette program. Kva vil vi ha fellesføredrag om?

Aktuelle ønske:

- Mina Gerhardsen (Actis): om stortingsval
- Kenneth Arctander Johansen (RIO): brukarperspektivrelatert om narkotika
- Dag Endal (Forut): om alkoholreklame
- Barn av rusmisbrukere

Vedtak: Øyvind legg til smågrupper i programmet før sosialt, og Thomas tek ansvar for å organisere dei. Administrasjonen set opp PK-program.

LS 11/17 Juventebørspremier 2017

Nytt år betyr at vi må oppdatere premiane i Juventebørsen. Premiane for i fjor finst her: <http://juvente.no/medlem/verving/vervepremier-2016/>. Eit ufullstendig førsteutkast blei sendt ut saman med sakspapira.

Vi går gjennom utkastet og utfører dei endringane vi vil.

Vedtak: Lista vi laga blir vedteken.

LS 12/17 Fordelingsnøkkel og retningslinjer for Frifond

Frå aktivitetssekretær:

Ulike mulige Frifond-modeller:

Først litt bakgrunnsinformasjon. Frifond-midler blir forvaltet av LNU, og Juvente sentralt sender inn en søknad, og vi fordeler deretter det vi får fra søknaden etter en modell vi selv har laget til lokallagene. Pengene blir utbetalt fra LNU til oss omtrent i juni. Vi må betale ut pengene vi har fått innen 31. desember (tidligere 1. desember). Lokallagene må bruke opp midlene innen 30. juni året etter de har fått pengene (vi har brukt 25. april som en intern frist) (pga at vi har rapportering sammen med søknad, og det tar litt tid å få inn Frifond-regnskap fra lokallagene).

Tilskuddene skal tildeles som ett eller flere av følgende:

- Prosjektmidler (Midlene tildeles etter søknad fra lokallagene.)

- Driftsstøtte (Sentralledet fordeler midlene mellom lokallagene ved hjelp av en fordelingsnøkkel. Fordelingsnøgkelen mellom lokallagene må være vedtatt og gjort kjent som en del av organisasjonens retningslinjer for bruk og fordeling av Frifond-midlene.)
- Oppstartsmidler (Sentralledet fordeler en fast sum midler til nyoppstartede lag.)

De som har vært litt borti Frifond i Juvente ser at vi i dag tildeler prosjektmidler utfra to søknader i året og oppstartsmidler med en fast sum på 3000 kr.

I 2016 fikk vi omtrent 250 000 kr fra LNU, i tillegg til omtrent 30 000 ubrukte midler fra 2015.

Per nå har ikke lokallag i OAØ krets lov å søke Frifond. Jeg foreslår å inkludere Larvik i denne gruppen.

Noen forslag til modeller:

- 1. Den vi allerede bruker – To prosjektmiddelutbetalinger i året**
To utbetalinger i året. En i juni og en i november. Ingen begrensning på søknadssum, skjønnsmessig vurdering av gjennomførbarhet vurdert av arbeidsutvalget og prosentvis avkortning om vi ikke har nok til å dekke alt.
- 2. Ren driftsstøtte uten forskjell på størrelse**
Alle lokallagene får en like stor brøkdel av totalsummen. Ingen differansiering på størrelse.
- 3. Fordelt på antall medlemmer**
Totalsum utdelt delt på antall medlemmer i lokallag, ganger dette tallet med antall medlemmer i hvert enkelt lokallag. Se excel-ark for eksempel på hvordan dette kunne sett ut for hvert enkelt lokallag ved årets utdeling.
- 4. Medlemsbasert fast sum, pluss prosjektmidler etter søknad**
100 000 kr (som eksempel, kan være andre summer, eller bare halvparten av potten) fordelt utfra medlemmer i hvert lokallag (á la modell 3), i tillegg til at lokallagene kan sende inn «prosjektmiddelsøknader». Se excel-ark for eksempel på hvordan dette kunne sett ut for hvert enkelt lokallag ved årets utdeling.
- 5. Kontinuerlige prosjektmiddelsøknader, med en maksimums søknadssum**
Press, Redd barnas ungdomsorganisasjon, bruker for eksempel 20 000 kr som makssum et lokallag kan søke om i hver omgang, men med mulighet for at et lokallag kan sende inn flere søknader i løpet av et år. Muligens burde vi inkludere at man må sende inn et midlertidig regnskap som viser hvor mye de har brukt til nå før de kan søke på nytt.
- 6. Medlemsbasert fast sum, pluss kontinuerlig prosjektmiddelsøknader med makssum**
F.eks. 100 000 basert på medlemmer, pluss flere søknadsomganger med 20000 som makssum á la modell 5.
- 7. Fast sum, pluss antall medlemmer**
F.eks. 5000 til alle lokallag og deretter resten fordelt etter antall medlemmer.

8. **Medlemsbasert pluss at nye betalende medlemmer tidligere år teller dobbelt**
Altså lignende modell 3-6, men med incentiv for å verve flere nye medlemmer.
9. **En kombinasjon av en eller flere av de tidligere nevnte mulige løsningene**

Gjertrud går gjennom dei ulike alternativa. Vi diskuterer fordeler og ulemper med dei forskjellige.

Vedtak:

1. *Administrasjonen lagar et utkast til nye Frifond-retningslinjer basert på kontinuerlig utbetaling (modell 5).*
2. *Administrasjonen blir bedd om å undersøke om det finst nokon makssum i LNU.*

LS 13/17 Innspill til LNUs barne- og ungdomspolitiske program

LNU har sendt ut førsteutkastet til barne- og ungdomspolitisk program på høring til medlemsorganisasjonene. Forslag til høringssvar fra Juvente er vedlagt. Her er LNUs forslag som er ute på høring: <http://www.lnu.no/wp-content/uploads/2016/12/utkast-til-bup-2017-2019.pdf>

Vi endrar på ei setning.

Vedtak: Dokumentet med revidering blir godkjent.

LS 14/17 P-SAK

LS 15/17 Sal av Bjørkodden

Salg av Bjørkodden blei handsama av ØAU 10. januar. Her følger saksframlegg og vedtak frå ØAU:

«Kjetil orienterte om historikken rundt eiendommen, forvaltningen og henvendelse om kjøp. Han orienterte vidare om utviklingen i området og prisnivå, etter samtale med megler.

Meglers klare anbefaling er å vente, da området pr. i dag ikke er tilrettelagt for mye utvikling, og prisene på den siden av fjorden forventes å stige etter ferdigstilling av broen og evt. vidare utvikling. Mest aktuell som hytteområde. Relativt lave priser pr. i dag (altså lite å hente på å selge i dag).

Vi har fått en henvendelse fra de lokale forvalterne, hvor de kunngjør at de ønsker å kjøpe eiendommen Bjørkodden. Eiendommen er målt opp. ØAU må ta stilling til om eiendommen skal utredes for salg, og på hvilke vilkår.

Vedtak: ØAU vurderer salg til lokale forvaltere som en mulighet, men at salg til redusert pris vil danne en uheldig presedens i forhold til andre lokale forvaltere. Det har ikke tidligere vært gjennomført privatsalg til redusert pris, kun salg til organisasjonsledd i samarbeidsorganisasjoner. ØAU mener at markedspris bør være gjeldende ved salg, og at et salg utenom budrunde i praksis vil begunstige kjøper. ØAU anbefaler, med utgangspunkt i anbefalinger fra lokale meglere, at eiendommen ikke selges nå, men at administrasjonen får fullmakt i å utrede en leieavtale for inntil 5 år av gangen, jf. opprinnelig forslag fra de lokale forvalterne.»

Kjetil orienterer.

Vedtak:

1. *Eigedommen blir ikkje seld til redusert pris eller utan bodrunde.*
2. *Administrasjonen får fullmakt til å syte for at eigedommen blir overført til Juvente sentralt og til å utgreie ein leigeavtale for inntil 5 år av gongen.*

LS 16/17 NGR-seminar om mangfold og integrering

3. – 5. februar arrangerer Nordisk Godtemplarråd (NGR) seminar om mangfold og integrering på danskebåten. Turen går frå København til Oslo og tilbake, så for vår del vil deltaking altså innebære reise også til og frå København før og etter seminaret. Foreløpig er det ganske få påmelde, og berre éi frå Noreg. Juvente har derfor blitt spurt om vi har nokon som ønsker å delta.

Vedtak: Petter og Øyvind drar. Øyvind melder dei på.

LS 17/17 Endring av møteplan

Det er lagt opp til Myteknuserne-kurs 21.–23. april, samtidig som vi har sett opp møte. Sidan dette er eit kurs heile styret er oppfordra til å delta på, må vi ta stilling til om vi vil endre møteplanen vår. Helga før (14. – 16. april) er påskehelga, mens helga etter (28. – 30.) kolliderer delvis med Barne- og ungdomstinget.

Vedtak:

1. *Landsstyremøtet blir flytta til 28.–30. april.*
2. *Øyvind høyrer med potensielle deltakarar til BUT om dei kan delta.*

LS 18/17 Kjønnsdelte rom

Kjønnsdelte rom blei handsama i LS 93/16, der følgende vedtak blei fatta: «Cathrine Michelle snakker med Skeiv Ungdom og eventuelt andre organisasjoner for å få innspill til hvordan konkrete situasjoner kan løses best mulig. Trygghet skal komme først, og styret ønsker ikke at

deltakere på arrangementer skal føle på press med tanke på hvor de velger å sove. Inntil videre fortsetter vi med den praksisen vi har i dag. Videre er det aktuelt å invitere noen til å holde et fellesforedrag om normkritikk på Juventeskolen.»

Ved rådføring med Skeiv Ungdom mottok vi følgende svar:

«Skeiv Ungdom har ikkje kjønnsdelte rom fordi det for oss er viktig at folk ikkje blir kategorisert ut ifrå kva kjønn dei har. Me har som oftast slik at folk blir plassert vilkårleg på rom med folk, men det går òg an å ønska seg romkamerat (når det er få personar per rom) eller sei ifrå om ein har spesielle behov.

Eg kjenner til at andre organisasjonar bruker prinsippet om kjønnsnøytrale rom for alle så lenge dei ikkje gir aktivt beskjed om noko anna. Det ein då kan gjera, er å ha eit felt i påmeldinga som seier "spesielle behov for overnatting" eller ein avkryssing for behov om ein-kjønna rom. Då får alle ei moglegheit til å aktivt seia ifrå at dei eksempelvis føler seg utrygge om dei må sova på rom med folk som ikkje har same kjønnsidentitet som seg sjølv, utan at det skal føra til ekskluderande praksis for resten. Trass i at Skeiv Ungdom ønsker og forventer at kjønn ikkje skal ha betydning i gruppedynamikkar, ser me at ikkje alle har kome like langt på den fronten. Då er nok ein slik opt-out option fin i staden for å forventast at alle som er kvinner og menn er skeptiske til å dela rom med folk av andre kjønnsidentitetar, medan folk som ikkje er binære (altså er mann eller kvinne) skal måtte dela rom med folk som ikkje naudsynt har den kjønnsidentiteten som dei sjølv har.»

Vedtak: Samrøystes vedteke:

- 1. For å prioritere tryggleik for alle som deltar på Juvente-aktivitet, held vi fram med kjønnsdelte rom, med ei pragmatisk tilnærming når det gjeld ikkje-binære kjønnsidentitetar.*
- 2. Standard spørsmål om kjønnsidentitet på alle påmeldingsskjema til sentrale arrangement, med umiddelbar verknad.*
- 3. Som sosialt tiltak for å forhindre at soverommet skal vere sosial arena, legg vi til rette for chillesonar som folk kan henge på i staden for på soveromma. Dessutan er vi tydelege på at soverom er til å sove på, og ikkje henge på.*

LS 19/17 Eventuelt

Ingen saker var meldt inn.

Referent: Marie Jahren Fludal